

Masfjorden Høgre

Masfjorden kommune
v/ Formannskapet

18.8.2020

INNSPEL TIL PLANPROGRAM FOR TRAFIKKSIKRING FOR MASFJORDEN 2020 – 2032.

Masfjorden Høgre vil berømme Masfjorden kommune for å få prosjektert og gjennomført ei rekke trafikksikringstiltak i kommunen. Særleg på Fylkesvegane kan ein no sjå konkrete resultat, ikkje minst ved dei 2 oppvekstområda på Matre og Sandnes. Punktutbedringa på FV-570 mellom Sandnes og Andåskrysset har gjort vegen der tryggare og meir oversiktleg. Likevel står det nokre punkt igjen, både her og på andre fylkesvegar som Høgre ynskjer får prioritet i den nye trafikksikringsplanen. Dessverre er det på Europavegen E-39 det går tregast med trafikksikringstiltaka, og det er her skadepotensialet er størst. Dette må presiserast overfor overordna statlege vegmyndigheiter. Masfjorden Høgre planen må vere presis i høve handlingsplan og rullering av denne.

Forslag til prioriterte tiltak i ny handlingsplan:

Stamvegen, E-39:

1. Sikker av-/påkjøring ved Haugsværtunet.
2. Sikker av-/påkjøring ved Trodalen.
3. Overgang Matre

Fylkesveg 570 Sandnes – Andåskrysset:

1. Utviding av bru ved Skolten bustadfelt / Kvingevatnet
2. Punktutbedring Elvik – Hope
3. Parkeringstilhøve ved kommunehuset
4. Gangveg Kvamme – Sandnes skule

Fylkesveg 570 Duesund – Gulen grense:

1. Lys i Hostelandstunnelen.
2. Omlegging av kurvatur i Ildalen, Gulen grense.
3. Fjerning av «grøne tunnelar» (skogrydding på strekninga Risnes – Storstemsvatnet.
4. Gangveg Ytre Haugsdal – Nautesund.
5. Gangveg Areklett-krysset – Hosteland.
6. Omlegging av kryss Risnes, Sleirsvegen.

Fylkesveg 379 Mollandseid – Kringla:

1. Utbetring av strekninga Mollandseid – Rekneset.
2. Utbetring av ferist Kalhovda – Furebotn.

Fylkesveg 382 Matre:

1. Opparbeide snuplass for buss ved Matre skule.

Fylkesveg 381 Matre – Stordalen:

1. Rassikring av steinblokker i stigningen mot Fossen.

Fylkesveg 383 Matre – Indre Haugsdal:

1. Lys i tunnelane,

Fylkesveg 377 Risnes – Sleire:

1. Flomsikring av Sleire bru.
2. Rassikring av steinblokker i Fagrevik ved Sleirsvatnet.

Fylkesveg 376 Hosteland – Gulen grense (Ynnesdalen)

1. Utsiktsrydding, betre sikt i uoversiktlege og knappe kurver.

Kommunale vegar:

1. Reduksjon av fartsgrense på Areklettvegen til 40 km/t ved alle avkjøringar i Skjelsundet og 50 km/t på resten av vegen.
2. Farleg skuleveg status Skjelsundet – Areklettkrysset.
3. Sikring av vegkantar Solheim – Haugsvær, ???

Oppvekstområder:

1. Parkeringsareal ved Nordbygda idrettsanlegg.

Vi håper Formannskapet gjer eit vedtak som kvalitetssikrar handlingsplan, tiltak og finansiering slik at også vegeigarane får eit reelt forhold til planen.

Med helsing

Masfjorden Høgre

For styret

John Torsvik, leiar

Kommentert [SH1]: